

Protokoll - regionstyremøte 5 - 2025

Dato: Onsdag 29.10 kl. 18.30 (Teams)
Møtenr: 05 - 2025
Stad: digitalt møte

Tilstades

frå regionstyret: Bernt Reed, Aina Brendsdal Forthun, Marianne Lilleby,
Stig Piel, Nils Reed, Torstein Hamrebø

frå
administrasjonen: Elin Rekdal Skogstad

Forfall: Gry Sissel Sagen

Godkjenning

Innkalling

Innkalling vart sendt på epost i forkant av møtet med Teams-lenke.

Vedtak: Godkjent.

Sakliste

Saklista vart sendt på eigen epost i forkant av kalenderinvitasjonen.

Vedtak: Godkjent.

.....

Saker

Del1 vedtakssaker Ingen vedtakssaker.

Del 2 drøftingssaker

Saksnr. 33/2025 Sakstittel
NMF Nordvest i sosiale media - Korleis vil vi at NMF Nordvest skal synes på sosiale media og på kva plattformer?

Saksopplysingar: Det er ønskeleg med ein gjennomgang av kva plattformer NMF Nordvest skal nytte for å nå ut til sine medlemmar, spesielt dei unge, som ikkje er på facebook. Av plattformer NMF bør vurdere å nytte seg av kan t.d. vere instagram. Regionstyret ønsker å sjå på overordna strategi for kommunikasjon og samhandling for regionen.
Vedtak: Saka vert utsett til neste styremøte.

Saksnr. 34/2025 NMF Nordvest distriktsmøter - gjennomføring og form (digitalt/fysisk?)

Saksopplysingar: I dagens samfunn har dei digitale flatene tatt meir og meir over våre tidlegare møteplassar, og regionstyret ønsker å prøve ein heil-digital variant av dei tidlegare distriktsmøta. Denne måten å nå ut på korpsa på er heilt i tråd med ønsket om å vere ein region - eit lag.

Vedtak: Distriktsmøta i regionen vert heil-digitale, og første digitale felles medlemsmøte for heile regionen vert sett til søndag 23. november kl. 18.30.

Saksnr. 35/2025 Landsmøtet 2026 - val

Saksopplysingar: Nestleiar informerte om frist for innmeldte kandidatar til forbundsstyret og rutinene rundt valet. [Valgkomiteen søker kandidater til Forbundsstyret - Aktuelt - NMF](#)

I tillegg vert korpsa oppfordra til å melde frå om hjertesaker dei gjerne vil ta opp på det komande landsmøtet: [Få din hjertesak på Landsmøtet! - Aktuelt - NMF](#)

Vedtak: Informasjon om landsmøtet er teken til vitande.

Del 3 orienteringssaker

Saksnr.
36/2025

Sakstittel
Økonomisk status v/dagleg leiar

Saksopplysingar: I statsbudsjettet har korpsa blitt lova midlar til musikk og scenekunst, og frivillegheta skal få full momskompensasjon. Samtidig foreslåast det kutt i regionale kulturfond og ei omlegging av dagens ordning med mål om å styrke samspelet mellom profesjonelt og frivilleg kulturliv: [Statsbudsjettet 2026: Hvordan påvirker det korpsene? - Aktuelt - NMF](#)
For regionen sin del merkar ein at samfunnet har blitt meir og meir kostbart rundt oss og at regionens økonomi også vert påverka av dette. pr. medio september ligg det an til eit meirforbruk på rundt 200.000,- i år, men ein del krav er ikkje produsert og sendt ut enno, så dette vil endre seg før årsslutt.

Vedtak: Informasjonen om økonomisk status vert teken til vitande.

This documents contains 3 pages before this page

Dokumentet inneholder 3 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 3 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 3 sider før denne side

Detta dokument innehåller 3 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende